



Ål kommune

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Torpomoen 27
3579 TORPO

Dykkar ref

Vår ref
2024/1901-6

Dato
19.08.2024

Vedtak - Klimaplan for Hallingdal - høyringsfråsegn

Kommunestyret behandla sak 65/2024 i møte den 15.08.2024, og gjorde slikt vedtak:

Vedtak:

1. Ål kommunestyre meiner høyringsframlegget til Klimaplan for Hallingdal gir god oversikt over utfordringane knytt til klima, natur og klimatilpassing og kva tiltak som er moglege.
2. Ål kommunestyre ber rådmannen velgje ut 1-3 tiltak innan kvart tema i planen som Ål kommune skal gjennomføre, og foreslå finansiering i årsbudsjetta framover.
3. Ål kommunestyre godkjenner at kommunens eigendel på kr 300 000 til innkjøp av utstyr for ombruk av byggemateriale vert finansiert frå posten ENØK-tiltak kommunale bygg i 2024 for å kunne utløyse klimasatsmidlar som er løyvd frå Miljødirektoratet.

Med helsing

Reidun Aaker
Kommunalsjef drift og utvikling

Elektronisk godkjent utan signatur



Hei,

Som hyttehalling (Ål) i 34 år og gjennom jobb og verv har jeg fulgt relativt godt med på deler av næringslivet i Hallingdal.

Jeg har lest klimaplanen med interesse og er imponert over hvor grundig og omfattende den er. Hvis alle foreslåtte mål og tiltak gjennomføres lover det bra for klima.

Det er kanskje litt dristig å komme med innspill til en så gjennomarbeidet rapport. Tillater meg allikevel å komme med noen kommentarer med forbehold om at jeg ikke har lest alt grundig eller fått med alle detaljer.

Generelt synes jeg at målgruppene frivillig sektor og hyttehallinger kunne spilt en litt større rolle, særlig i forbindelse med enkelte tiltak.

Noen eksempler:

- turlagene: rydde stier, broer, merking etc.
- avfallshåndtering: info om poser etc. til hyttefolket (kom etterhvert)
- gjenbruk: info om butikker, byggemateriell, lån av utstyr etc.
- transport: samarbeid tog- buss/taxi til hyttefeltene og arrangementer som avholdes
- sysselsette innvandrere, ungdom dropouts: systue, ombruk, reparasjon
- krav til gjenbruk i kommunene når bygger/pusser opp, alternativt gi til veldedighet
- skog: mer rydding langs kraftlinjer, stier, veier, lysløyper (sikrere ferdsel)
- lokalmat: potensial blant hyttefolket, info/markedsføring
- involvere frivilligsektor til diverse dugnader mot noe vederlag
- media: dekke suksess-historier hos private og offentlige virksomheter, særlig når ungdom "tar tak".
- Mange hyttehallinger savner Magasinet til Hallingdølen. Gløtt har ikke samme distribusjon eller tilgjengelighet. Har inntrykk av at kalender og ulike annonser ble benyttet i større grad før.

Ønsker alle lykke til med det videre arbeid.

Vennlig hilsen

Torill Berdal

m: 952 24 373



Nesbyen kommune

Regionrådet for Hallindal

Deres ref

Vår ref
2024/1276-4

Dato
10.09.2024

Høringsinnspill - Klimaplan regional plan for klima, natur og klimatilpasning

Høringsinnspill fra Kommunestyret på klimaplan- regional plan for klima, natur og klimatilpasning.

Kommunestyret har behandlet sak 84/2024 i møte den 05.09.2024:

Kommunedirektørens innstilling/forslag:

Vedtak

Handlingsplanen har mange gode mål og delmål, men det kan være vanskelig å måle om og hvilken grad vi klarer å nå målene. I videre arbeid med regional plan for klima, natur og klimatilpasning ber vi Regionrådet vurdere ulike tiltak for å gjøre de ulike klimamålene mer forpliktende. Vi ber Regionrådet vurdere om det skal være en ekstra form for støtte til kommuner/bedrifter/organisasjoner/personer som gjør en særlig innsats for å nå klimamål.

Med hilsen

Maylinn Espegard
Arkivleder

Elektronisk godkjent uten signatur





Hol kommune

Arkivsaksnr.: 2024/4715-2
Saksbehandler: Helene
Amundsen

Høringsinnspill Klimaplan for Hallingdal

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
111/24	Formannskap	11.09.2024

Rådmannens innstilling

Høringsutkastet av klimaplanen gir en bred oversikt over tematikken klima, natur og klimatilpasning. Planen omfatter ti tema med kortfattet status og kunnskapsgrunnlag knyttet til utfordringer innenfor hvert tema. Planen har 11 overordna mål, samt egne mål for hvert tema. I tillegg er det en egen handlingsplan med forslag til tiltak innenfor hvert tema.

De overordna målene i planen er omfattende, og delmålene under hvert tema kunne med fordel begrenset seg til 3-4 målsetninger per tema. Vi ser at det ikke er definert tiltak til hvert delmål i handlingsplanen. Med færre mål per tema, vil det være enklere å definere tiltak til alle delmålene. Mange av delmålene kan leses som tiltak, og kan eventuelt flyttes til tiltaksoversikten i handlingsplanen.

Hol kommune ser at det utfordringer knyttet til mål og tiltak innenfor sektorer hvor regionrådet og kommunene ikke har myndighet, for eksempel tema nr. 6 og 7. Gjennomføringsevne innenfor privat sektor ligger hos næringen selv. Det bør vurderes å justere ordlyden for mål og tiltak, eventuelt om noen bør utgå.

Det savnes et større fokus på regionalt samarbeid mellom kommunene innenfor flere temaområder og forslag til felles tiltak i Hallingdal, bl.a. med tanke på kompetanseheving og opplæringstilbud. Innenfor tema energieffektivisering vil et forslag være en felles rammeavtale, eller regional kompetanse, for energimerking av kommunale bygg.

Det er uklart hvordan handlingsplanen skal implementeres i kommunene og hvem som har ansvar for utarbeidelse av årsplanen, jf. forklaring av planen på side 4.

Forslag til tiltak under 7. Bygg, anlegg og eiendom: For større utbygginger bør kommunen gjennom behandling av reguleringsplaner be om miljøoppfølgingsplan, som legges til grunn for byggesak.

Formannskap har behandla sak 111/2024 i møte den 11.09.2024

Behandling

Omforent tilleggsforslag fremmet av Martin Grøslandsbråten (Sp):
Rådmann bes innarbeide omfanget og betydningen av eksisterende fornybar kraftproduksjon i Hallingdal i høringsinnspillet.

Votering:

Rådmannens innstilling med omforent tilleggsforslag ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Høringsutkastet av klimaplanen gir en bred oversikt over tematikken klima, natur og klimatilpasning. Planen omfatter ti tema med kortfattet status og kunnskapsgrunnlag knyttet til utfordringer innenfor hvert tema. Planen har 11 overordna mål, samt egne mål for hvert tema. I tillegg er det en egen handlingsplan med forslag til tiltak innenfor hvert tema.

De overordna målene i planen er omfattende, og delmålene under hvert tema kunne med fordel begrenset seg til 3-4 målsetninger per tema. Vi ser at det ikke er definert tiltak til hvert delmål i handlingsplanen. Med færre mål per tema, vil det være enklere å definere tiltak til alle delmålene. Mange av delmålene kan leses som tiltak, og kan eventuelt flyttes til tiltaksoversikten i handlingsplanen.

Hol kommune ser at det utfordringer knyttet til mål og tiltak innenfor sektorer hvor regionrådet og kommunene ikke har myndighet, for eksempel tema nr. 6 og 7. Gjennomføringsevne innenfor privat sektor ligger hos næringen selv. Det bør vurderes å justere ordlyden for mål og tiltak, eventuelt om noen bør utgå.

Det savnes et større fokus på regionalt samarbeid mellom kommunene innenfor flere temaområder og forslag til felles tiltak i Hallingdal, bl.a. med tanke på kompetanseheving og opplæringstilbud. Innenfor tema energieffektivisering vil et forslag være en felles rammeavtale, eller regional kompetanse, for energimerking av kommunale bygg.

Det er uklart hvordan handlingsplanen skal implementeres i kommunene og hvem som har ansvar for utarbeidelse av årsplanen, jf. forklaring av planen på side 4.

Forslag til tiltak under 7. Bygg, anlegg og eiendom: For større utbygginger bør kommunen gjennom behandling av reguleringsplaner be om miljøoppfølgingsplan, som legges til grunn for byggesak.

Rådmann bes innarbeide omfanget og betydningen av eksisterende fornybar kraftproduksjon i Hallingdal i høringsinnspillet.

Saken avgjøres av

Formannskapet

Vedlegg

Vedlegg

- 1 Klimaplan Hallingdal høringsutkast juni 2024
- 2 Klimaplan Hallingdal handlingsplan-høringsutkast

Dokument i saken

Dokumentjournal i sak 2024/4715

Saksopplysninger

I møte den 21. juni godkjente Regionrådet forslag til regional plan for klima, natur og klimatilpasning, og vedtok å legge den ut på høring.

Dette er en plan som søker å:

- Redusere utslippene av klimagasser i og utenfor Hallingdal
- Forvalte naturen for å bevare artsmangfold og for å tilrettelegge for karbonopptak- og lagring, samtidig som vi har økonomisk verdiskaping
- Bidra til mer ny fornybar energi og energieffektivisering
- Være forberedt på konsekvensene av et klima som er i endring

Videre saksgang:

- Høringsfrist er 17. september
- Planen blir tatt opp i regionrådet 27. september
- Planen blir tatt opp i Hallingtinget 25. oktober
- Endelig plan blir behandlet i kommunestyrene i november

Etter vedtak i Hallingtinget, vil Klimaplan for Hallingdal sendes til kommunene for vedtak. I denne prosessen vil Hol kommune ta stilling til hvilken status regional klimaplan skal ha sett i lys av kommunens egen klimaplan.

Forhold til overordnet plan

I tråd med Strategisk plan for Hallingdal 2022-2025.

Miljøkonsekvenser

Gjennomføring av tiltak i Klimaplan for Hallingdal vil føre til positive konsekvenser knyttet til reduksjon i klimagassutslipp. Det er viktig å se tiltak i sammenheng med konsekvenser for natur og miljø og tilstrebe positive synergieffekter.

Økonomiske konsekvenser

Klimaplan for Hallingdal presenterer forslag til tiltak som kan medføre fremtidige investeringer og kostnader for Hol kommune. Eventuelle tiltak som skal gjennomføres i Hol kommune vil vurderes i forbindelse med vedtak av klimaplanen i Hol kommune. De

økonomiske konsekvensene må vurderes nærmere i forbindelse med Handlings- og økonomiplanarbeidet.

Vurdering

Rådmannens forslag til høringssvar står som rådmannens innstilling. Formannskapet vedtar høringsteksten, med eventuelle endringer.

Hei,

Regionrådet inviterer til å svare på «Høringskriv. Klimaplan for Hallingdal 2024-2028.»

Her er svaret mitt, Gunvor Slaatto, Geilo:

No må lokalpolitikarane stoppe opp og sjå kva Agenda 2030 med sine 17 bærekraftsmål gjer med folk og lokalsamfunn. I «Det grønne skifte» sitt namn vil mangt frå tiltakslista svekke både levkår og livskvalitet til altfor mange. Dei vil óg gi uante økonomiske uttellingar, noko planen ikkje omtalar. I eit så ruvande skriv er det fort gjort å overkøyre både innbyggarar og lokalpolitikarar. Det må ikkje skje.

"Planlegge etter oppdatert kunnskap", står det i Planen. Nei, det skortar på oppdatert kunnskap. Den er tufta på eit einsidig, kontroversielt grunnlag. Rett nok manglar det ikkje forlokkande ord og vendingar, men saumfaring seier noko anna. Det er vel merkeleg at IPCC sine modellbaserte hypoteser får styre utan éi motforestilling? Det kan óg nemnast at i 2019 gikk Meteorologisk Institutt (MI) ut med at verdas største eksperiment, vêrmanipulering, kunne få uønska effekt, noko vi ser mykje av for tida. Kvifor er for eksempel mykje av lauvskogen brunaktig? For ikkje å nemne korleis himmelrommet ser ut etter spraying på kryss og tvers? Ikkje eitt ord om slikt i Planen.

For å vera konkret kjem eg frå gard i ei lita grend i Gol. La oss seie eg fortsatt bur der i eige hus frå 70-talet. Ifølge Planen skal eg med mine 80 år helst gå, sykle eller sparke til butikken, fem kilometer unna med 150 meters høgdeforskjell. Eller ta el-bil som eg bør skaffe? For den som følger med, er no El-bilen utropt til miljøversting. Dessutan er det tiår sidan rutebussen slutta å gå der...

Dernest kjem nok kommuna med pålegg frå EU sitt avløpsdirektiv. Først ute er eldre private anlegg. Her kan eg få pålegg med kostnader i hundretusener på byråkratisk vis, dvs standardisert og generalisert. Berre vent til også bygningsdirektivet skal etterlevast. Det kan kreve millionar! Kan du seia meg, er Planen ein fordekt måte å avfolke utkantar på? Ei dårleg skjult tvangsflytting til blokk i sentrum? Ifølge Agenda 2030 må ein bu der for å leva «klimavenleg og berekraftig».

Kva med "Bærekraftig landbruk"? Tru om dei som står bak Planen har kontakt med kva terreng, storleik og andre føresetnader krev? Veit dei kor knebla bønder er av forordningar, søknader og godkjenning for omtrent kvar ein operasjon? Rapportar skal leverast i bøtter og spann. Til kven? Sit det virkeleg byråkratar, konsulentar o.a og tek stilling til alt? Eller er papirmølla rein tvangspolitik? Kven må betala? Er det rart bønder blir oppgitte og motlause? Takk for maten, seier eg kvar ein dag og håpar dei held ut til galskapen blir STOPPA.

Oppsummert står eg overfor ein «Klimaplan for Hallingdal» som ramsar opp for ei «berekraftig utvikling», bygd på eit einøygd grunnlag der forslag til tiltak i all hovudsak er ei smørbrøddliste for klimareligiøse. Mange av oss andre kan plukke tiltak som allereide fungerer og bygge vidare på tradisjon og lokale behov og ta vare på

naturen og bekjempe miljøforureining...

Så no, kva meiner og vil borgerar så vel som politikarar? Det står og fell på reelle deltakardemokratiske prosessar.

Hallingdal Renovasjon IKS
Kleivi Næringspark 31
3570 ÅL,

09.09.2024

Regionrådet for Hallingdal
Torpomoen 27
3579 Torpo

Att: Guro F. Veslehaug

INNSPILL TIL HØRINGSVERSJONEN AV HANDLINGSPLAN KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL

GENERELT

- Bra plan med mange gode forslag til tiltak
- Ansvar for ulike tiltak:
 - Vi registrerer at navnebruken ikke er konsekvent. Som eksempel er Hallingdal Renovasjon IKS under kolonne ansvar skrevet som «Hallingdal Reno.», «HR», «Hallingdal renovasj.» og «Hallingdal Renovasjon»
- Kommersielle aktører er nevnt med navn under involvering, for eksempel: Retura Val-Hall, Narum, Sundbrei. For ikke å frem fordele noe og opptre rydding burde det stått «Private avfallsaktører».

2. SIRKULÆR ØKONOMI

- Vi mener det burde vært indikator også på CO₂ under pkt Sirkulærøkonomi.

Delmål 1 «Kompetanseheving og samarbeid»:

- Tiltak 2.1.3
 - Teksten på tiltak bør endres til «Informere innbyggere, hyttebrukere og turister om tilbud, løsninger og **bruk av** renovasjonsordningene»
 - Da turister er nevnt i planen bør «Destinasjonsselskap» inn som ansvarlige i tillegg til Kommunene og Hallingdal Renovasjon.

Delmål 3 «Vi tilrettelegger for og øker gjenbruk/ombruk»:

- Tiltak 2.3.1 «Være pådriver for at mest mulig av avfallsfraksjoner blir gjenbrukt»
 - Vi oppfatter dette som blanding av begrep. Avfallsfraksjoner blir ikke gjenbrukt, de blir enten materialgjenvunnet, energigjenvunnet eller går til deponi. Vi mener en bedre ordlyd vil være: «**Være pådriver for gjenbruk**». Det vil være mot husholdning og næringsliv og da bør HR (hvis det er ment som Hallingdal Renovasjon) tas bort som ansvarlig.

- Tiltak 2.3.6
- Vi gjør oppmerksom på at vi har endret navn fra Lokal mottak til **Gjenvinningsstasjoner**, for å signalisere enda sterkere at det er gjenvinning av avfall vi jobber med. Vi ber derfor om at teksten endres til: «Etablere gjenbruksordning på **Gjenvinningsstasjonene**»

Delmål 4 «Vi tilrettelegger for og øker graden av kildesortering»:

- Tiltak 2.4.3 «Legge til rette for kildesortering for innbyggere»
 - Vi mener ordlyden bør være lik overskriften til delmålet «Legge til rette for **og øke grad av** kildesortering for innbyggere»
- Tiltak 2.4.6
 - Vi mener at dette punktet er ivaretatt av tiltak 2.4.3 og tiltak 2.4.4 og kan tas ut av handlingsplanen.
 - Vi savner samme ordlyd i forhold til næringslivet, at næringslivsaktørene har større ansvar for å kildesortere sine avfallsfraksjoner. Dersom tiltak 2.4.6 er ment for næringslivet er det ikke Hallingdal Renovasjon som skal stå under ansvar, men private avfallsaktører.
- Tiltak 2.4.8 «Innføre en bedre returordning for landbruksplast»
 - Det er ikke Hallingdal Renovasjon som kan stå som ansvarlig for dette. Vår jobb er primært å ta hånd om avfall fra private husholdninger (abonnentene). Landbruksplast er næringsvirksomhet så her er det næringslivet selv som må ta ansvar. Men vi har for tiden en ordning der bønder får levert landbruksplast uten kostnad på Gjenvinningsstasjonene. Denne kan endre seg avhengig av kostnadsbildet.
- Tiltak 2.4.9 «Kompetanseheving på avfallsmottak»
 - Vi stiller oss meget undrende til at dette har kommet inn som et punkt i handlingsplanen og ber om at det tas ut. Hallingdal Renovasjon jobber kontinuerlig med opplæring av egne ansatte og har interne planer for det.

Delmål 5 «Vi begrenser forsøpling»:

- Tiltak 2.5.4 «Tilsyn avfallshåndtering byggeplasser»
 - Hallingdal renovasjon synes det er meget positivt på at dette punktet er kommet inn, men ønsker at det endres til «Tilsyn avfallshåndtering byggeplasser **og næringsliv generelt**»

6. GRØNN NÆRINGSUTVIKLING OG REISEMÅL

Delmål 4 «Redusere avfall, øke ombruk, kildesortering og materialgjenvinning»:

- Tiltak 6.4.2 «Tilrettelegge for returpunkter med kildesortering for næringsavfall»
 - Dette er ikke Hallingdal Renovasjon, men private næringsaktører sin oppgave.
 - Avfall fra næringslivet skal det betales for, vi ser ikke hvordan dette kan ivaretas med ubetjente returpunkter. Det er returpunkter for husholdninger, men de er finansiert via renovasjonsgebyret og skal kun dekke løsning for husholdningsabonnentene.
- Tiltak 6.4.3 «Tilrettelegging for returpunkter med kildesortering for fritidsbebyggelse»

- Dette punktet er det samme som punkt 2.4.3 og vi ber om at det tas ut under kapitel 6.

7. BYGG, ANLEGG OG EIENDOM

Delmål 6 «Vi tilrettelegger for og øker ombruk og kildesortering, og begrenser forsøpling».

- Tiltak 7.6.2 «Tilsyn av avfallshåndtering på byggeplasser»
 - Tiltaket er det samme som 2.5.4. Vi anbefaler at det tas ut fra kapitel 2, men at ordlyden her endres som foreslått fra oss under kapitel 2: «Tilsyn avfallshåndtering byggeplasser **og næringsliv generelt**»

Med hilsen

Hallingdal Renovasjon IKS

Høyringsfråsegn frå Ål Senterparti til *Klimaplan for Hallingdal*

September 2024

Klimaendringane er den største og mest altomfattande utfordringa for alle menneske i dag, og det er rett og bra at Hallingdal òg set fokus på det. Slagordet frå det store verdsrådet om klima og miljø i Rio i 1992 er like aktuelt i dag; *Tenkje globalt, handle lokalt*

Etter å ha lese høyringsutkastet, har Ål Senterparti nokre innspel. Me sorterer innspela etter punkta i framlagt plan:

4. JORDBRUK

Under avsnittet hovudmål har me eit par endringsframlegg/tillegg:

Hovudmål 3:

øker antall foretak som gjennomfører årlige klimaregnskap som inkluderer karbonbindingen i produksjonen (tillegg)

Hovudmål 8:

stimulerer til mer beiting for å øke karbonbindingen i jorden

(omskriving for å peike på samanhengen mellom beiting og karbonbinding i jorda)

5. SKOGBRUK

Delmål 1 og punkt 5.1.2 nyttar formuleringa *gammelskog/naturskog*. I og med at det er ulike definisjonar på gammelskog og naturskog blir dette upresist. Me ber difor om at tiltaket blir presisert og rydda i. Same formulering finst òg i kapittel 8 om Berekraftig arealforvaltning, punkt 2.

Punkt 5.2.2: Her føreslår me at formuleringa 'Sørge for' blir bytta ut med 'Øke'.

Punkt 5.2.3: Kommentaren til dette tiltaket er uklar

Ål senterparti merkar seg elles punkta 5.2.9 og 5.3.2. Dette er tiltak me meiner er veldig gode og viktige.

6. GRØNN NÆRINGSUTVIKLING OG REISEMÅL

Punkt 6.2.5: Her føreslår me å endre teksten til: *‘Tilpasse stier, turveier og andre ferdselsårer til klimaendringer, vilt og aktivt landbruk’*

Punkt 6.2.6: Her føreslår me å endre teksten til: *‘Arbeide for at det tas hensyn til landskap, vilt og aktivt landbruk ved hyttebygging’*. ‘landskapets fysiske og visuelle integritet’ er vanskeleg å forstå, og framstår meir som estetikk enn klimatiltak.

8. BEREKRAFTIG AREALFORVALTNING

Punkt 8.1.4: Her føreslår me å forenkle teksten til: *‘Unngå nedbygging av jordbruksareal’* (forsterke budskapet og stryke forklaringa)

Senterpartiet er opptekne av å ta vare på beiteområda i inn- og utmark. Difor føreslår me å ta inn ordet beite i eit par punkt i dette kapittelet.

8.1.10: Ikke gi dispensasjon til tiltak som reduserer inngrepsfrie naturområder/større sammenhengende natur- og beiteområder.

8.1.11: Prioritere naturmangfold og beitedyr ved tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv i naturen

8.1.14: Me meiner at dette punktet kan strykast fordi punkt 8.1.10 i praksis vernar INON-områda. Ein kan eventuelt sikre det med å ta inn omgrepet ‘planlegging’ òg i punkt 8.1.10. For oss er omgrepet ‘markagrense’ framandt og noko som fyrst og fremst høyrer heime i meir urbane strøk enn Hallingdal.

9. GRØN TRANSPORT OG MOBILITET

Punkt 9.3.1: Me meiner at det bør inn eit tillegg i formuleringa om tiltak. Teksten bør lyde *‘Kommunene kjøper/leaser el-biler, bytter ut fossilbiler i den grad det er forsvarlig for driften’*

Lykke til med det vidare arbeidet

Helsing

Ål Senterparti

Hei. Vi har følgende kommentarer til planen:

Her er det mange gode målsettinger og forslag til hvordan man skal nå målene, men noe blir for generelt og for lite forpliktende.

Sitat: " Bærekraftig arealforvaltning Vi tar vare på naturmangfoldet, bremser nedbyggingen av natur og øker opptaket og lagring av karbon".

Sitat: "Det betyr ikke at vi ikke skal bygge hus, hytter eller lage veier, men at vi må gjøre det med et blikk for hva som vil tjene kommunens innbyggere, også i framtiden, og hvilke konsekvenser det har for klima og natur".

Disse to sitatene viser bevissthet om konsekvensene av nedbygging av naturen/arealbruk, men hvordan skal kommunene i Hallingdal faktisk redusere nedbygging av naturen? Vesentlig redusert hyttebygging vil være et godt tiltak, men da må kommunene forplikte seg til det. Det er viktig i forhold til redusert karbonutslipp (flere hytter fører til mer transport, både under selve byggingen og fra alle de som skal til og fra sin egen hytte) og ikke minst når det gjelder å bevare naturmangfoldet, som FN setter fokus på i naturmangfoldrapporten fra 2022.

Med hilsen

Tor-Even Lysfjord og Ingeborg E. Krangsaas

Høringsskriv Forslag til regional plan for klima, natur og klimatilpasning

Frist: 17. september

Høringssvar fra Hafslund Kraft

Hafslund hilser regionrådets forslag til regional plan for klima, natur og klimatilpasning velkommen, og takker for muligheten til å gi våre synspunkter på forslagene.

Hafslund er Norges nest største energikonsern. Vi er Norges nest største vannkraftprodusent og Norges største fjernvarmeselskap. Vi eier også vindkraft, og utvikler nye sol- og vindkraftprosjekter.

Vårt oppdrag er å utvikle mer fornybar energiproduksjon, og dermed understøtte omleggingen til lavutslippssamfunnet. Samtidig skal vi gjøre vårt for at omleggingen skjer med respekt for natur og biomangfold, og bidra til at Norge samtidig når naturmålene.

Hafslund har en sterk tilstedeværelse i regionen med en kraftproduksjon på ca. 4600 GWh vannkraft i 10 kraftverk, og ca. 90 ansatte fordelt på kontorer på Gol og i Hovet.

Videreutvikling av vannkraft

Vi ser at effektbehovet øker fremover, som følge av økt forbruk og større innslag av uregulerbar produksjon fra sol- og vindkraft. Det er derfor gledelig å se at handlingsplanen fremhever økt effektkapasitet i vannkraftproduksjonen (pkt. 10.2.3). Det er et stort potensial for videreutvikling av vannkraften i Hallingdal, først og fremst på effektsiden, men også med noe økt energiproduksjon.

Om flomrisiko

Hallingdalsvassdraget er utsatt for flomrisiko, noe vi blant annet så under ekstremværet «Hans» i august 2023. Vannkraftreguleringene bidrar til å redusere denne risikoen ved å bidra med betydelig flomdemping. Undersøkelser viser at magasinene halverte de økonomiske skadene som følge av «Hans». Vannkraftens betydelige evne til å dempe flommer kunne vært tydeliggjort i planen, for eksempel som et element å vektlegge ved konsesjonssøknader og fremtidige vilkårsrevisjoner, slik det ble gjort i Stortingsmelding om flom og skred (Meld. St. 27 (2023–2024)).

Vi støtter for øvrig pkt. 2.5.3 om å plassere rundballer og utstyr i god avstand fra elver der det er fare for flom.

Innspill til klimaplanen

I klimaplanen står det i pkt 10 om Ny fornybar energi og energieffektivisering. Det er nevnt energieffektivisering og økt lokal produksjon i utviklingen av bygningsmasse, samt økt produksjon av bioenergi. Dette stiller vi oss bak.

Her kunne imidlertid også videreutviklingen av vannkraften vært inkludert. Det produseres ca 4600 GWh vannkraft hvert år i Hallingdal i dag, og det er betydelig muligheter for å øke dette ytterligere, særlig med tanke på å øke effektkapasiteten.

Hafslund Kraft har for tiden flere prosjekter i regionen, som Hemsil 3 på Gol, Frosen i fjellet på grensen mellom Hol og Ål og videreutvikling av Holsanleggene. Videreutvikling av vannkraften kunne vært tatt inn som et element i pkt. 10 i klimaplanen.

Kommunene må legge til rette for økt fornybarproduksjon og si ja til kunnskap

Vi mener planen tydeligere burde reflektere ansvaret kommunen har for å legge til rette for utvikling av ny fornybar energi.

Etter endringene i energiloven og plan- og bygningsloven i 2023 har kommunene fått avgjørende betydning i behandlingen av ny vindkraft. Det er også foreslått tilsvarende lovendring for solkraft. Lokal medbestemmelse er viktig for å sikre økt legitimitet til ny fornybarproduksjon, men med lovendringen følger også et større kommunalt ansvar.

Dette innebærer at kommunene aktivt må arbeide for å identifisere areal som kan brukes til fornybar kraftproduksjon.

Fornybarbransjen ser også etter egnede arealer for ny kraftproduksjon, og fremmer prosjekter. Det er avgjørende at forslag om fornybar kraftproduksjon blir vurdert av kommunene.

Vi har erfaring med at saker blir stoppet før de er konsekvensutredet og at kommunene vedtar nei til vindkraft på prinsipielt grunnlag. Vi mener kommunene bør ha svært sterke grunner til å la være å innhente kunnskap og å gjennomføre konsekvensutredning.

Utbyggingen av ny fornybar energi går for sakte, og lokal motstand mot fornybarprosjekter flere steder i Norge er en av årsakene til dette. Planen bør reflektere kommunenes sentrale rolle i å legge til rette for at klimamålene nås. Det følger ansvar med myndighet.

Vennlig hilsen

Stein Ove Helberg

Kraftverksjef Hallingdal og Valdres

Hafslund Kraft AS

Kommunestyret har behandla sak 78/2024 i møte den 11.09.2024 :

Behandling

Forslag fra Senterpartiet v/ Hege Elisabeth Falck-Andersen:

Tilføre følgende kulepunkt til Kommunedirektørens innstilling:

Synliggjøre forskjellen i klimapåvirkning fra utslipp av naturlige kretsløpskomponenter og fossile kilder, for eksempel ved å trekke ut rene utslipp fra dyrefordøyelse.

Forslag fra Arbeiderpartiet v/ Helene Sagabråten:

Tilleggs punkt:

Kommunestyret ber administrasjonen foreslå tiltak som skal gjennomførast i 2025, og at dette vert lagt inn som tiltak i kommunen sin Handlingsplan for 2025.

Votering:

Det ble votert over innstilling fra hovedutvalgene.
Innstilling vedtatt. Enstemmig.

Det ble votert over forslaget om tilleggspunkt i vedtaket fra Hege Elisabeth Falck-Andersen (Sp).
Forslaget vedtatt. Enstemmig.

Det ble votert over forslaget om tilleggspunkt i vedtaket fra Helene Sagabråten (A).
Forslaget vedtatt. Enstemmig.

Vedtak

Hemsedal kommune sluttar opp om framlegg til «Klimaplan for Hallingdal». Kommunestyret rår regionrådet til å jobbe vidare med å spisse plan og tiltak;

-Identifisere målkonflikhtar

-Konkretisering av tiltak

-Reduser tiltak i høve evne til å gjennomføring

-Prioritere mål og tiltak i høve kost / nytte

- Synliggjøre forskjellen i klimapåvirkning fra utslipp av naturlige kretsløpskomponenter og fossile kilder, for eksempel ved å trekke ut rene utslipp fra dyrefordøyelse

Kommunestyret ber administrasjonen foreslå tiltak som skal gjennomførast i 2025, og at dette vert lagt inn som tiltak i kommunen sin Handlingsplan for 2025.



Regionrådet for Hallingdal
Torpomoen 27
3579 Torpo
Epost: guro@hallingdal.no

Sigdal, 16. september 2024

Angående høring klimaplan for Hallingdal

Det vises til Klimaplan for Hallingdal - Regional plan for klima, natur og klimatilpasning 2024-2028, og Mål for klima, natur og klimatilpassing Hallingdal 2024-2028.

TYR Buskerud ønsker med dette å gi noen innspill på det som er foreslått i forhold til ny klimaplan.

Generelt mener TYR Buskerud at beskrivelse av dagens situasjon i større grad burde beskrevet den lokale situasjonen. Det meste av framstillinger og figurer i Klimaplan for Hallingdal - Regional plan for klima, natur og klimatilpasning 2024-2028, bygger på nasjonale tall. Det er forståelse for at det er krevende å framskaffe disse tallene, men det er viktig at klimaplanen vurderes og tilpasses ut fra lokale forhold.

2/3 av Norges dyrkbare areal er kun egnet til produksjon av grovfôr og beite. For Hallingdal sin del er det sannsynligvis en større andel av arealet som kun er egnet til gras. Videre er det enorme ressurser knyttet til utmark.

Drøvtyggerne, ku, sau og geit, er de eneste som kan utnytte det meste av arealene i Hallingdal. Ut fra et lokalt og nasjonalt syn er det beredskapsmessig viktig å utnytte disse arealene til produksjoner som kan omdanne gras til animalsk protein.

97% av fôret i ammekuproduksjonen er basert på norske ressurser, og 93% av fôret er gras eller beite. Sau er på samme nivå, samt sluttføring på okser og melkeproduksjon også har en høy andel norsk grovfôr i sin rasjon.


År	Storfe/kalv	Sau/lam	Svin	Kylling
2000	90,2	23,1	94,7	35,2
2001	85,4	24,0	100,2	34,6
2002	85,2	24,6	103,3	38,0
2003	84,8	23,9	105,4	40,5
2004	86,1	25,5	112,9	44,5
2005	86,9	25,4	112,3	47,2
2006	87,2	24,2	115,9	52,9
2007	84,2	22,9	117,4	61,0
2008	86,1	23,7	122,4	73,0
2009	84,5	23,5	123,4	69,2
2010	83,1	23,9	128,5	74,4
2011	81,3	22,9	130,5	73,6
2012	77,7	22,3	131,2	79,3
2013	83,4	22,9	127,2	91,8
2014	78,4	23,6	128,5	93,5
2015	79,3	25,0	134,3	80,3
2016	81,4	24,4	137,4	86,3
2017	84,9	26,8	136,8	89,7
2018	89,0	26,3	136,9	88,9
2019	86,7	23,7	131,9	97,8
2020	85,0	24,2	131,4	97,1
2021	87,4	24,0	134,4	105,9
2022	91,7	23,2	132,9	105,1
2023	90,2	22,1	131,5	107,2
2024 (prognose)	84,8	21,7	128,2	

Figur 1: Tusen tonn produsert kjøtt av ulike produksjoner.

Utviklingen i markedet er at produksjonen av kjøtt fôr drøvtyggere har vært på samme nivå de siste 20 år, mens produksjonen av kjøtt fra kraftfôrkrevende produksjoner er doblet.

Det økte forbruket av kjøtt fra kraftfôrkrevende produksjoner har igjen bidratt til økt behov for import av ingredienser til kraftfôrproduksjonen.

Med unntak av de siste to år har det vært et vedvarende underskudd av storfekjøtt i Norge. Fra 2000 til 2023 ble det importert over 200.000 tonn storfekjøtt. NORSUS/NMBU viser at det er et dobbelt så høyt klimautslipp fra storfekjøtt som er importert, sammenlignet med norsk produksjon.



Figur 2: Andel norske råvarer i kraftfôret

400 kyllingprodusenter produserer like mye kjøtt som 20.000 småfe- og storfeprodusenter. Grovt anslag er ca 1 kyllingprodusent pr kommune i Norge, mens det tilsvarende omkring 50 produsenter av storfekjøtt. Det grovfôrbaserte produksjonene er legitimiteten til norsk landbruk gjennom at det bidrar til landbruk over hele landet, utnytter arealer som ikke er egnet til annet en gras, samt at produksjonene er vesentlige i forhold til målet om økt sjøforsyning og beredskap.

Innspill til klimaplan

TYR Buskerud mener at det beskrivelsen ovenfor må være med i vurderingen når klimaplan for Hallingdal skal behandles. For Hallingdal er disse produksjonene vesentlig, da arealet i hovedsak består av gras.

TYR Buskerud aksepterer de nasjonale kostholdsråd som er foreslått, men anbefaler ikke at dette tas inn som en del av klimaplanen for Hallingdal. Det er viktig at forbruket er tilpasset lokale rassuser, og med dette som utgangspunkt bør klimaplanen i større grad fokusere på viktigheten av lokalmat.

Beitebruk er viktig for kulturlandskap, biologisk mangfold og utvalgte naturtyper. Viktigheten av å opprettholde beitenæringene må beskrives inn i klimaplanen for Hallingdal. Det er avgjørende for landbruket i Hallingdal at de grovfôrbaserte produksjonene opprettholdes, og at det stimuleres til ytterligere bruk av beite både på inn- og utmark. TYR Buskerud ber derfor om at dette tas inn i beskrivelsen om klimavennlig landbruk.

Storfekjøttproduksjon basert på bruk av grovfôr, og beite på inn- og utmark er bærekraftig. TYR Buskerud støtter tiltakene som er foreslått i klimaplanen for Hallingdal, men det bør i tillegg fokuseres på tiltak som styrker utnyttingen av beiteressursene. Bruk av virtuelle gjerder, økt støtte til gjerding og samt tilskudd til vedlikehold av beiter er tiltak som bidrar ytterligere til en bærekraftig produksjon.

Med hilsen

Lasse Stæhr
Leder i TYR Buskerud

Høyringsinnspel til Klimaplan for Hallingdal

Hallingdal 16.9.24

Frå:

- Hemsedal og Gol bonde- og småbrukarlag
- Ål bonde- og småbrukarlag
- Nes bonde- og småbrukarlag
- Hol bonde- og småbrukarlag

Me tykkjer det er svært positivt at de lagar denne planen, og er imponerte over breidda i han og generelt det faglege bakteppet dykkar. Me spør oss likevel om framlegget går djupt nok inn i spørsmålet til at handling i samsvar med dette vil utgjere ein vesentleg skilnad. Me vil peike på at temperaturane stig omtrent kvart einaste år, at meir ekstremvêr kjem og at me alt er i ferd med å passere det globale og nasjonale målet om mindre enn 1,5 grader temperaturauke.

Me meiner ein fornuftig inngang til handlingsplanen er å setje overordna mål, dels for å handtere dei klima- og naturendringane me kjenner til i dag, men endå meir ut frå det planen er lite innom, at mykje av det me truleg har i vente, såleis i form av ekstremvêr-hendingar, sjukdommar på planter, dyr og menneske, og utslepp, jamvel atomutslepp, er me ikkje i stand til å sjå føreåt. Difor eit første punkt omtrent slik:

Klima- og naturforvaltningsmål for kommunane i Hallingdal i perioden 2024-2028 har som mål å forvalte naturen slik at me bidreg til at oppvarminga tek slutt, klimaet stabiliserer seg med ei så moderat oppvarming som råd og naturmangfaldet blir oppretthalde.

For å nå dette må me

- Vise størst mogeleg varsemnd med naturinngrep. Det gjeld inngrep som store bygningar, fritidsbustader, vegar og fabrikk- og alpinanlegg.
- Leggje ei føre var-tenking til grunn
- Prioritere vedlikehald og utbetring framfor store endringar.
- Gå grundig gjennom eigne drifts- og produksjonsmåtar i alt næringsliv med mål om å skjere ned klimautslepp og auke karbonbinding.
- Byggje opp offentleg ekspertise for å gjere fagleg kvalifiserte vurderingar.
- Leggje inngåtte, internasjonale avtalar til grunn, såleis FNs klima-avtale (Paris-avtalen) frå 2015 med tilleggsavtaler og FNs naturavtale inngått i Montreal i 2022.
- Byggje opp kommunal ekspertise på naturforvaltning.

Me som bønder merkar klimakrisa og naturkrisa vel så godt som alle andre. Me er opptekne av at komande generasjonar skal ha det like godt som oss – og det inkluderer moglegheita til å produsere mat på lokale ressursar! Me er budde til å gjere vårt for klimaet, og mange av våre medlemmar er godt i gang med både reduksjon av fossile brensel og binding av karbon på både gamle og nye måtar.

Dei viktigaste seks innspel våre er desse:

- 1 Karbonbinding og økosystemtenester i utmarka får ein enklast ved å leggje til rette for artsrikdom og biodiversitet over og under bakken på størst mogleg areal. Det kan me som bønder og samfunn bidra til med fleire beitedyr med riktig beitetrykk og mindre nedbygging av til dømes hytter og deira infrastruktur.
- 2 Auka karbonbinding på dyrkamarka og i utmarkene får ein også ved hjelp av artsrikdom og biodiversitet over og under bakken. Det kan bli mogleg ved framtidsretta agronomi - gjerne med inspirasjon frå det regenerative landbruket.
- 3 Mindre plastbruk kan ein få ved å tørke graset til høy eller leggje det i silo.
- 4 Landbrukskontora i kommunane bør også av hensyn til klimaet bli sette i stand til å følge opp jordlova §8 (driveplikta) og gjødselvareforskrifta §24. Dette inneber truleg fleire stillingar hjå landbrukskontora.
- 5 Kommunane i Hallingdal bør ikkje ha som mål at bøndene skal bruke ein konkret klimakalkulator som er omstridd, unøyaktig og eigd av private/ideelle aktørar framfor det offentlege.
- 6 Nitrogengjødsling av skog med kunstgjødsel er ikkje ein god ide.

Me vil berre kort koma med nokon innspel til det faglege grunnlaget for planen fyrst, før me kjem med innspel til dei respektive tiltaka i handlingsplanen.

Fagleg bakgrunn for planen

Me vil halde innspela til det faglege grunnlaget for planen kortast mogleg. Men me vil påpeike at produksjon av raudt kjøtt i vår region med store (fjell)beiteareal etter vårt syn ikkje er så gale. Me er imponerte over at de har med litt frå forskingsprosjektet på Dovrefjell som viser tendensen til at beitedyr (raudt kjøtt-produksjon) er med på å binde karbon. Me vil anbefale denne korte artikkelen om de vil ha inn meir om dette: <https://www.nullutslippsgaarden.no/beiting-og-karbonbinding/>. Albedoeffekten er også ein faktor der beitedyr tel positivt. Sistnemnde effekt er ikkje omstridd i fagmiljøa, men er likevel eksplisitt utelaten i gjeldande berekningar frå nasjonale organ. Lyse flater, som snødekt landskap, kastar attende det meste av solstrålene, har høg albedo, medan mørke flater som nake berg, kratt og mørk skog absorberer dei (har låg albedo) og gjer det varmare. Avslutningsvis er metan ein kortliva klimagass samanlikna med CO₂.

Prosjektet «Karbonbinding i fjellandbruket» gjekk i regi av Buskerud bonde- og småbrukarlag 2019–2022. Her stod to økologiske gardar i Gol kommune sentralt. Her vart det stadfesta at det er råd å binde mykje karbon i vår region også på dyrka mark. I korte trekk dreide tiltaka seg om å maksimere grønt plantedekke i løpet av året, mineralsk utbalansering av jorda ved tilføring av til dømes små mengder spesiell kalk og bruk av EM-ferment for å styre mikrobiell aktivitet i jord og møkk frå oksidative til reduktive forhold (små mengder biokol og steinmjøl var òg med under dei ulike utprøvingane.) I tillegg kom ulike teknikkar for kompostering. Prosjektet var utan avansert teknologi på dei respektive gardsbruka men kunnskapsintensivt og med mange jordanalyser.

Faktisk auka karboninnhaldet i jorda på den eine garden tilsvarande eitt tonn CO₂-ekvivalentar per dekar per år. Om ein freidig ekstrapolerar desse tala til dei 69770 dekar med fulldyrka jord i dei seks hallingdalskommunane finn ein at potentialet er å binde **ca 40 prosent av dei direkte utsleppa i Hallingdal berre på innmarka**. (Med utgangspunkt i at dei direkte utsleppa frå hallingdalskommunane i 2022 var 177163 tonn CO₂-ekvivalenter.)

I tillegg kjem karbonbindingspotentialet i utmarka. Og skogen som allereie gjer Hallingdal isolert sett netto karbonnegativt.

Poenget vårt med å trekkje fram dette eksempelet er at bonden og naturen i samspel kan gjere mykje gunstig for klimaet på billige måtar utan ny teknologi. Til gjengjeld krevst ny kunnskap og vilje til å forvalte areala litt annleis enn før.

Etter vårt syn kan det same skje med beiting i våre store utmarker. Beitedyr i høveleg omfang spreier plantefrø, "horvar" grasdekket og gjødsjar jorda, slik at dei stimulerer grasvekst og karbonlagring i jorda.

Handlingsplanen

I det vidare knytar me kommentarar og forslag til dei ulike punkta i den rekkefølga dei har i handlingsplanen.

Delmål 1.2.4 «Tilrettelegge for naturbaserte løsningsar som å unngå nedbygging og bevare økosystem, for å dempe effekter av klimaendringene.» Svært bra. **Etter vår meining inneber dette kraftig oppbremsing i bygging av hytter.** Med vegar, sykkelvegar, opparbeidd og gjerne inngjerda lende rundt hyttene og annan infrastruktur legg hyttebygginga beslag på store areal og fører til store klimautslepp. Beitearealet blir redusert, og ofte blir utmarksbeiting uråd. Beitedyr, både husdyr og ville dyr, må ha ro til å beite og beite i familie eller flokk. Me meiner at hyttebygginga må reduserast mykje. Det kan skje med forbod i område der naturen bør skånast og/eller beiting er eller kan bli aktuelt. Eit anna tiltak i kombinasjon med dette er grunnareal-grenser for nye hytter og tilbygg på hytter ut frå tanken om at hytter skal vere fritidsstader og ikkje sekundærbustader.

Nytt punkt 2.2.8

Me er positive til punkt 2.4.8 «Innføre en bedre returordning for landbruksplast» Samtidig vil me påpeike at å redusere bruken av landbruksplast er endå meir virkningsfullt. Siloanlegg eller høytørker vil minske behovet for plast. Høytørker eliminerar avrenningsfare og fordrar ikkje klimafiendtleg betong i same grad som siloar, så høytørker er særleg bra etter vår meining.

Derfor vil me foreslå eitt nytt punkt 2.2.8 under Delmål 2 Redusere avfallsmengden:

«Kommunene jobbar for å redusere mengda landbruksplast brukt ved å stimulere landbruket til å benytte eksisterande tilskuddsordningar til plansilo og høytørker. Kommunane bidreg ytterlegare til finansiering av høytørker med egne midler».

Nytt punkt 3.1.6

Me vil gjerne koma med eit tillegg under kapittel 3. «GRØNNE ANSKAFFELSER, INNOVASJON OG FORBRUK», utan å ha fasiten på kor det skal plasserast. Det handlar om at me ynskjer kommunale institusjonar i større grad enn no skal kjøpe lokalprodusert mat. Det finst svært klimavennlege småskala grønnsaksprodusentar i fleire kommunar i Hallingdal. Kjøtt og mjølkeprodukt er det flust av. Kort transportveg, beredskap og lokal verdiskaping får ein på kjøpet. Ei formulering kunne vera eit **nytt punkt 3.1.6: «invitere lokale matprodusentar til dialog om innkjøp av mat til bruk i kommunen sine institusjonar, særleg i sesong.»**

Kapittel 4 Jordbruk

Me er svært glade for delmål 8 «... stimulerer for mer karbonbinding i jorda». Som vist i innleiinga vår meiner me det er store moglegheiter for dette både på dyrkamark og i utmark. Som undertittel til ein figur med tal på side 27 i hovudplanen står: "For klimaet sin del, er den største vinningen innen jordbruk at forbrukerne spiser mer klimavennlig og kaster mindre mat." Dessverre er det ikkje vist til kjelder for tala, og karbonlagring i jorda er ikkje med i figuren. Truleg kan karbonlagring bli ei større vinning for klimaet enn omlagt kosthald og redusert sløsing.

Stryke 4.1.1 Utrulling av klimakalkulator

Me anerkjenner at klimakalkulatoren blir brukt med dei beste intensjonar. Og tykkjer ideen er god. Problemet slik me ser det er at kalkulatoren ikkje er god nok enno(, samt at den trass ganske stor forankring ikkje har full tilslutning frå heile landbruksnæringa).

Til dømes er det eksempel på at den gir til svar at det er meir klimavennleg at storfe står i fjøset om sommaren og et mykje kraftfôr og rundball framfor å gå på utmarksbeite.

(Selskapet som eig kalkulatoren hevdar eit samla norsk landbruk står bak, men det stemmer ikkje etter vårt syn: Den er kontroversiell og mellom anna Norsk Bonde- og Småbrukarlag har stilt seg kritiske.

Altså foreslår me å stryke 4.1.1 Utrulling av klimakalkulator

Utvide delmål 4.2.1

Den eksisterande formuleringa «Stimulere til mer utmarksbeiting, også for å bevare kulturlandskap» er svært positivt. Me tykkjer ein kan synleggjere at dette også er karbonbinding, så me foreslår å endre punktet til det følgande:

«Stimulere til meir utmarksbeiting. Med formål å betre dyrevelferd, kutte utslepp frå maskinell hausting av fôr, bevare kulturlandskap, oppretthalde biologisk mangfald og auke karbonbindingen»

Nytt delmål 4.2.3 – gjerder

Det er somme tersklar bønder har for å drive utmarksbeiting. Ein av dei er konflikter med hytter og ferdsele derifrå, som me har vore innom er negativt for klimaet uansett. Ein annan er at gjerdene til stølsvollane til mindre aktive bruk ofte er i dårleg forfatning. Dyr kan skade seg på desse og det blir ofte konflikt ved at eigar/drivar av slåttemark på innsida ikkje ser seg tjent med å vedlikehalde gjerdene. Både gjerdelov og dyrevelferdslov krev at gjerde er i god stand om det ikkje skal fjernast. Difor meiner me at eit vesentleg bidrag til auke omfanget av beiting i utmark er at kommunane set i verk ein omfattande kampanje for å kartleggje og følge opp for dårlege gjerdene. Det har vore liknande framstøyt tidlegare, men truleg grunna for få ressursar har det ikkje ført tilstrekkeleg fram etter vårt syn.

Difor foreslår me følgande **nytt punkt 4.2.3:**

«For å senke terskelen for auka utmarksbeiting skal kommunane løyve tilstrekkelege midlar til å setje i verk kraftfull og langvarig kampanje ovanfor alle grunneigarar for at gjerdene mot utmark blir fjerna eller sett i stand.»

Nytt punkt 4.3.5 kompetanseheving

Med bakgrunn i mellom anna våre gode erfaringar frå karbonbindingsprosjektet nemnt ovanfor foreslår me dette punktet:

«Orienter seg om metodar frå det regenerative landbruket for biologisk karbonbinding i dyrka mark.»

Nytt punkt 4.3.6 -kompostering

Dei fleste gardar, om dei har husdyr eller ikkje, har noko organisk «avfall», eller beint ut gjødsel. Om dei har husdyr på talle kan det bli mykje, om ikkje er det alltid noko fôr som ikkje blir ete etc. Mange bønder også i Hallingdal køyrer dette til skogs eller grev det ned. Dersom det dreier seg om talle eller tørr møkk er dette klart brot med «Forskrift om gjødselvarer» §24. Når det så blir brote ned blir det frigjort klimagassar og om mengdene er store nok blir det lokale forureingsproblem. Løysinga på dette er etter vårt syn kompostering som kan skje på dei respektive gardsbruka, i all hovudsak er det mogleg utan nyinvestering i utstyr. Ved kompostering unngår mykje av utsleppa og får tilført verdifull mikrobiologi til jorda slik at jorda i mange tilfelle kan binde endå meir karbon i tillegg til å lagre det som vart tilført i komposten.

Difor foreslår me nytt punkt 4.3.6:

«Oppfordre alle bønder med vesentlege mengder talle, forrester o.l. til å kompostere dette for bruk på eng eller eventuelt i open åker. Informere breidt om forbodet mot å dumpe dette jf. «Forskrift om gjødselvarer» §24. Kommunane må syte for at landbrukskontora får ressursar til dette.»

Nytt punkt 4.3.7 - Oppfølging av driveplikta §8 i jordlova

